

Terje Marheim  
Dalstøvegen 86  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/7581 - 21/68418

Saksbehandlar:  
Laila Bjørge  
laila.bjørge@alver.kommune.no

Dato:  
14.10.2021

## **Svar på spørsmål om bygging av ridehall - gbnr 319/5 Sagstad nedre**

Slik me oppfattar søknaden din ynskjer du å byggja ein ridehall på 319/5 i Alver og utvida tilbodet med hesteriding til fleire grupper.

Bygging av ridehall er søknadspliktig etter plan- og bygningslova, og det vil vera avhengig av storleiken på hallen om du kan søkja sjølv eller må ha ein ansvarleg søker. Skal det byggast på dyrka dyrka eller dyrkbar mark er det også søknadspliktig etter jordloven, og utifra kartet som er vedlagt ser det ut som at delar av hallen vil koma på dyrka mark og difor må det søkjast om omdisponering etter jordlova.

Eigedomen din ligg i landbruk, natur og friluftsområde (LNF) i kommuneplan og hestehald er innanfor føremålet dersom det er tilpassa bruket sin storlek og drift. Større anlegg både hestesenter og ridehaller fell utanfor landbruksbegrepet og krev dispensasjon. Det må difor koma tydelegare fram kva del av verksemda som skal utvidast. Skal det oppstallast fleire hestar eller berre byggast hall for å kunna gje eit breiare tilbod.

Alver har ikkje etablert noko praksis for kva som skal reknast som større hallar, men ein del andre kommunar har lagt til grunn at ridehaller større enn 20X20 ikkje er å sjå på som driftsbygning i landbruket og fell difor utanfor LNF-føremålet. Det inneber at ein må søkja dispensasjon frå planføremålet og at en må ha ein ansvarleg søker. Sidan me ikkje har ein etablert praksis i Alver kan me ikkje svara på dette no. Me vil anbefala at du tingar ein førehandskonferanse og at dette vert tema der. Det er plan- og bygesak som må svara ut kva krav dei eventuelt vil stilla til ein søknad, og om du må ha eit ansvarleg føretak til å søkja for deg.

Det kan vera fornuftig i forkant av ein førehandskonferanse og å ha ein plan som viser det totale arealbehovet når ein søker, den bør innehalda bruket sin storlek og drift (tal hestar, luftegaradar, parkeringsareal, gjødsellagring og for og strørlager. Hestar produserer mykje gjødsel, så tiltak i høve til å unngå avrenning til bekkar/vassdrag bør koma fram. Likeins må det vera areal til parkering og det må truleg søkjast om utvida bruk av eksisterande avkjørsel. Storlek og type hall som skal byggast vil og ha betydning.

Når det gjeldt tilskotsordningar er det bygdeutviklingsmidlar som Innovasjon Norge forvaltar som kan gå til tiltak på landbruksseigedomar. Eg stilte dei spørsmålet for ei tid tilbake om dei gav støtte til ridehaller, men svaret var at det ikkje var prioritert.

Alver kommune har eit kommunalt næringsfond som og kan gje støtte til landbrukstiltak. Legg ved lenke der du finn kontaktinformasjon og meir info.

<https://www.alver.kommune.no/innhald/naring-og-landbruk/naring/sokje-naringsfond-og-andre-stotteordningar/>

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

**Kopi til:**

Plan og byggesak Postboks 4 5906 FREKHAUG

**Mottakarar:**

Terje Marheim Dalstøvegen 86 5918 FREKHAUG